



Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3767 - 18/2424

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
25.01.2018

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 233/6 Eide indre

Tiltak: Dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 233/6
Tiltakshavar: Ingebjørg Eide
Ansvarleg søkjar: Nhb Vest AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.12.2017. Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF for oppføring av einebustad.

Førehandskonferanse var heldt 27.09.2017. Møtereferat vart skriven same dag, sjå vedlegg.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen er definert som LNF-føremål med særleg omsynssone for landbruk.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjonen skal nabovarslas, sjå vedlegg for blankett 5154, 5155 og 5156. Blankett 5154 skal leverast til nabo/gjenbuarar som vert varsla. Blankett 5155 - gjenpart av nabovarsel - skal leverast til kommunen. Blankett 5156 – kvittering for nabovarsling – skal leverast kommunen. Dei kan sendast rekommandert eller kvitteras ved personleg oppmøte. Merk at naboar/gjenbuarar har 14-dager til å kome med evt. merknadar. Naboliste er vedlagt.
2. Det må sendast inn oppdatert målsatt situasjonsplan som viser avstand til nabogrenser, midten av privat samt avstand til andre bygningar.
3. Det må sendast inn målsatte teikningar – plan- snitt og fasade- av einebustaden, sjå vedlagte NKF veileidar. BRA og BYA må opplysast. Dette fordi dispensasjon gjeld for eit bestemt tiltak. Vi minner på at ved vurdering av dispensasjonssøknad har kommunens praksis for å sette vilkår om at KPA § 5.14 som gjeld grad av utnytting gjeve for spreidd busetnad vert ivareteke i prosjektet samt visuelle kvalitetar, sjå møteferat av 27.09.2017.



4. Det føreligg førehandsuttalelse frå Nils Kalaas om nytt våningshus på gbnr 233/6, i e-post datert 05.10.2017. Vi viser til: «Frå landbrukskontoret har vi ingen merknadar til dette bortsett frå at ein bør sjå på vegframføringa til huset, slik at vegen til det nye huset ikkje vanskeleg gjer drift av jordbruksarealet den kryssa» Det bes opplyst om vegtraseen i dispensasjonssøknaden er den same som Landbrukskontoret har merknadar til og kvifor ein har valt å oppretthalde denne. Dersom vegtraseen er ny, bes det opplyst om kva grad den påverkar jordbruksarealet den kryssar sett i samanheng med opprinneleg vegtrasè som Landbrukskontoret har merknad til.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 23.02.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5154-nabovarsel
5155-opplysninger-gitt-i-nabovarsel
5156-kvittering-for-nabovarsel
Naboliste - gbnr 233_6
Møtereferat førehandskonferanse - gbnr 2336 Eide indre
NKF veiledar teikningar

Kopi til:

Ingebjørg Eide	Kalvatræ 5	5911	ALVERSUND
Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
-------------	------------	------	----------

